

Retningslinjer for borgarleg vigsle i Kvam herad gjeldande frå 01.01.2018

1. Vilkår for vigsle

Før brureparet bestiller endeleg¹ avtale om vigsle hos Kvam herad, må dei ta kontakt med Skatteetaten for å kontrollere om dei oppfyller vilkåra for å inngå ekteskap. Dei må då sende inn følgjande papir:

- Eigenerklæring
- Forlovarerklaering
- Erklæring om skifte dersom brureparet har vore gift før
- Melding om endring av namn dersom brureparet skal bytta namn

2. Bestilling av vigsle

Brureparet skal ta kontakt med Kvam herad for bestilling av vigsle. Dette skal skje i god tid før brureparet ønsker å gifta seg. Brureparet nyttar eige bestillingsskjema på Kvam herad si heimeside. Endeleg avtale om vigsle kan ikkje avtalast før brureparet har motteke prøvingsattest frå Skatteetaten. Prøvingsattesten viser at brureparet oppfyller vilkåra for å inngå ekteskap. Prøvingsattesten kan ikkje vera eldre enn 4 månadar ved vigsela og skal leggast fram ved endeleg bestilling av seremoni.

Ved bestilling skal brureparet oppgi:

- Fullt namn, fødselsdato og adresse for brureparet
- Kva for ein dato dei ønsker å gifte seg
- Kven dei ønsker skal stå for vigsela (ein av dei fire vigslarane som er gitt vigselsmyndighet). Det vert likevel opp til Kvam herad å avgjera kven som skal stå for vigsela. Dette med tanke på kapasitet.
- Om dei ønsker å gifte seg på rådhuset i Norheimsund eller i eige lokale/ annan lokasjon. Ved vigsle annan stad enn Kvam rådhus, må dette avklarast med vigslar (sjå også eigne betalingssatsar for dette!).

3. Før seremonien

Før seremonien (rett før) skal vigslaren kontrollere om brureparet og deira to vitner har gyldig legitimasjon. Pass, norske førarkort og bankkort med biletet og personnummer vert rekna for gyldig legitimasjon.

Brureparet må møta opp i god tid før vigsla.

Spesielt for utanlandske statsborgarar:

Alle utanlandske statsborgarar må dokumentera lovleg opphold i Norge på vigselstidspunktet, og sende Kvam herad/ levere prøvingsattest seinast 1 veke før vigsla (original tas med på vigselsdagen). Dette gjeld ikkje for nordiske borgarar. Vigsla kan utførast på engelsk, dersom dette er avtalt på førehand.

¹ Endeleg avtale om vigsle betyr at det vert bestemt konkret tidspunkt for vigsla og kven som skal gjennomføra den. Brureparet skal på dette tidspunktet leggja fram gyldig prøvingsattest. Avtale om vigsle før dette er ein mellombels avtale.

4. Seremonien

I seremonien skal vigslar bruka *Det borgarlege vigslingsformularet*. Dette er ein tekst som vigslaren les opp. Det finst oversettingar til samisk, engelsk, tysk, fransk, spansk og russisk.

Seremonien kan deretter verta tilpassa med til dømes utveksling av ringar, ekteskapsløfte, tekst og musikk ut over dette. Dette skal avtalast med vigslar i god tid før seremonien.

5. Vigselsprotokoll

Paret skal signera vigselsprotokoll etter vigslinga.

6. Vigselsmelding og vigselsattest

Kvam herad sender ei vigselsmelding til Folkeregisteret innan tre dagar etter vigsla. Fram til brureparet har motteke vigselsattesten, fungerer kopi av vigselsmeldinga som mellombels vigselsattest. Vigselsattesten vil brureparet motta frå Folkeregisteret.

7. Kostnad ved vigsle

Det er utarbeidd eigne betalingssatsar for borgarleg vigsle.